

Fra: Egil Roll
Sendt: 25.06.2021 11.18
Til: Kristin Sundal
Emne: VS: Fråsegn frå Austevoll kommune

Fra: Morten Storebø <morten.storebo@austevoll.kommune.no>
Sendt: onsdag 26. mai 2021 16:14
Til: Egil Roll <egil.roll@miljodir.no>
Kopi: Stina Nordbak <stina.nordbak@austevoll.kommune.no>; Finn Katerås <finn.kateras@miljodir.no>; Bjarte Madsen <bjarte.madsen@austevoll.kommune.no>; Lillian Kristin Bolstad <lillian.kristin.bolstad@austevoll.kommune.no>
Emne: Fråsegn frå Austevoll kommune

Hei igjen!

Austevoll formannskap har hatt i møte i ettermiddag og behandla sak om marin verneplan for Krossfjorden.

Formannskapet vedtok følgjande fråsegn til Miljødirektoratet:

Det marine verneforslaget grip openbart inn i tilhøve som er av stor lokal betydning, jf. Miljødirektoratets tilråding. Det er vidare slik at innbyggjarane har rett til å styre lokale tilhøve gjennom lokale folkevalde organ. Austevoll formannskap stadfestar Austevoll kommunes tidlegare fråsegner. Kommunen slår fast at verneforslaget har store, negative samfunnsverknader og at det ikkje er lokalt tilslutnad til å etablere marint vern av Krossfjorden.

Akvakulturnæringa er svært viktig næring nasjonalt og lokalt, og bidrar til viktige arbeidsplassar og verdiskaping i vertskommunen. Vernereglane er til hinder for etablering av akvakulturanlegg. Ifølgje Miljødirektoratets tilråding vil marint vern i Krossfjorden bety ein framtidig lokal og regional samfunnsøkonomisk kostnad og større press på gode lokalitetar nasjonalt.

Austevoll formannskap viser til at Miljødirektoratet ønskjer innspel på tilhøve som ikkje har kome fram tidlegare i prosessen. Her vil kommunen blant anna vise til at det er behov for større avstand mellom anlegg, avgrensing av område som følgje av til dømes ILA-utbrot, behov for lokalitetar til torsk og tang og tare, og at dette gjre at det må kunne etablerast nye akvakulturanlegg i Krossfjorden. Dette området vil ha naturleg barriere mot akvakulturanlegg i kommunen, blant anna Møkstrafjorden og aust for Huftarøy.

Venleg helsing
Morten Storebø
ordfører



E-post: morten.storebo@austevoll.kommune.no

Telefon: 55 08 10 00